



Koret under innøving av konsertprogrammet i Helgheim.

Røysterett for alle er godt i gang med vårsesongen, og torsdag 10. mars kl.19.30 inviterer dei til konsert i Uskedal kyrkje. Det vert ein variert og flott konsert, og i tillegg til vertskoret vert det også avdelingar ved songgruppa Glimrah og trubaduren Thor Ivar Hellseøy.



Vokalensemblet Glimrah debuterte på Julekonserten.

Leiar Liesje Croles i **Røysterett for alle** fortel at koret vil presentera eit stort og variert program. Dei vil mellom anna syngja 3 nye songar som dei har øvd inn etter nyttår. I tillegg til dei faste torsdagsøvingane har dei også hatt ein øvingslaurdag den 27.februar. Sist torsdag hadde dei flytta øvinga til kyrkja.

I tillegg til koret sjølv vil publikum få eit gjenhøyr med songgruppa **Glimrah** som debuterte med svært vakker song på julekonserten. **Glimrah** er samansett av damer frå koret, og Maria Malmsten leiar også denne gruppa. Eit anna kormedlem, **Thor Ivar Hellesøy**, har med seg gitaren og bidrar med si eiga trubaduravdeling.

Uskedal kyrkje har hatt godt besøk både på konsertar og andre arrangement i det siste. Torsdag kan publikum på ny få ei fin stund i kyrkja.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen/Hans Ordin Østebø